

Til
Kommunal- og regionaldepartementet

20.09.2011, Oslo
Ref: 6.4.2 TSH

Høringsutkast til endringar i Forskrift om byggesak og Forskrift om tekniske krav til byggverk.

Unge funksjonshemmede er ein paraplyorganisasjon for ulike organisasjonar for ungdom med nedsett funksjonsevne eller kronisk sjukdom. Me representerer 32 ulike organisasjonar med til saman over 25 000 medlemmar. Unge funksjonshemmede sender inn høyringsfråsegn i denne saka fordi endringane vedkjem det juridiske regelverket rundt universell utforming. Mange av våre medlemsgrupper har interesse av at reglane om universell utforming skal vera presise og gode, samt at dei skal omfatta mange byggverk.


Dei bygningane som blir bygga i dag skal brukast i 100 år framover, altså over fleire generasjonar. Difor kan ikkje utforming av byggverk eller deler av byggverk vera opp til den einkilde byggherre eller arkitekt, men vera underlagt samfunnsmessig vedtekte reglar. Dei siste åra har styresmaktene gjennom Plan- og Bygningsloven av 2008 og Teknisk Forskrift 2010 heva universell utforming opp som eit av dei viktigaste omsyna innanfor byggereglane. Unge funksjonshemmede er glade for dette, og meiner at det er viktig å halda fast ved eit ambisiøst og krevjande regelverk for universell utforming, for å sikra ein bygningsmasse som blir mest muleg tilgjengeleg for flest muleg.

Forslag til endringar i Forskrift om byggesak

Departementet gjer framlegg om å fjerna søknadsplikta for våtromsarbeid som ikkje bryt brannskille. Etablering av nye våtrom, samt endring av planløyising gjennom utviding eller reduksjon av storleik på våtrom kan etter dette gjennomførast utan søknadsplikt til kommunen, samt utan krav om ansvarleg føretak. Unge funksjonshemmede er uroa for at dette i praksis kan svekka utviklinga mot ein meir universelt utforma bygningsmasse. Tiltaka vil framleis vera omfatta av krava til universell utforming som ligg i Teknisk forskrift, men når tiltaket ikkje lengre er søknadspliktig vil ikkje lengre den kommunale sakshandsaminga sikra at reglane blir fulgte. Dette vil føra til at ein mindre del av nyetablerte eller utvida våtrom blir universelt utforma.

Ut frå den offentlege debatten kring søknadspliktige våtrom føreset Unge funksjonshemmede at bakgrunnen for framlegget er eit ynskje om å effektivisera saksgangen og redusera byråkratiet. I samband med innføringa av søknadsplikt og ansvarsrett for våtrom har det vore ein del innkøyringsproblem, og for mange innan røyrleggarbransjen har hatt problem med å forstå SAK10, med dei ulike funksjonane og tiltaksklassane.

Skulle departementet sitt framlegg til ny § 13-5, om felles sentralt godkjenningsområde som SØK/PRO/UTF for våtrom, bli vedteke, vil desse problema bli reduserte. I tillegg er ein del av problema som har oppstått i samband med innføringa av søknadsplikt for våtrom såkalla innkøyringsproblem, som gradvis vil minska etter kvart som bransjen og kommunane får meir



erfaring, og utviklar effektive rutingar og opplæringsystem for søknadsprosessen. I lys av dette meiner Unge funksjonshemmede at søknadsplikta for visse våtrom framleis bør oppretthaldast. Ulike alternative måtar å sikra omsynet til universell utforming, samstundes som ein i nokon grad held fast ved målet om redusert byråkrati, vil kunne vera:

- a) Fjerna søknadsplikta for våtromsarbeid i tiltaksklasse 1, halda på søknadsplikta i tiltak kor minst ein av funksjonane er satt i tiltaksklasse 2. Det vil altså sei at einebustadar og småhus ikkje lengre blir søknadspliktige, medan tiltak i bygardar, blokker og andre større bustadkompleks framleis blir søknadspliktige. Etter TEK §§ 12-2, 12-3 (2) er desse omfatta av krav til heis, og med det ein viktig del av den bygningsmassen som er tilgjengeleg for folk med nedsett funksjonsevne.
- b) Fjerna søknadsplikta for våtromsarbeid ved rehabilitering utan utviding eller reduksjon av våtrommets grunnflate, halda på søknadsplikta ved nyetablering eller endring av grunnflate.
- c) Gjera våtromsarbeid i bueinheitar som etter Teknisk Forskrift er omfatta av krav om å vera tilgjengelege for personar med nedsett funksjonsevne søknadspliktig, medan søknadsplikta fjernast for våtromsarbeid i andre bueinheitar.

Framlegg til endringar i Teknisk forskrift

Gjennomgåande blir dei fleste av endringane presentert som språklege oppryddingar. Mange av dei er det, men nokre ser òg ut til å vera svekkingar av krava til universell utforming. I det fyljande vil me berre kommentera dei endringane me har motførestillingar mot. Dei andre endringane har me ikkje merknadar til.

§ 12-2 Krav om tilgjengeleg bueinheit

Unge funksjonshemmede går mot denne endringa, som i fylje høyringsbrevet tek sikte på å opna for at bueinheiter i bygningar med krav om heis kan ha fleire plan utan at dette medfører krav om løfteinnretning internt i bueinheiten. Bakgrunnen for dette er at me meiner det må vera ein mål at flest muleg bueinheiter i bygningar med krav om heis er fullt ut tilgjengelege for folk med nedsett funksjonsevne. Me ser framlegget som ei, om enn liten, svekking av krava til eit tilgjengeleg samfunn.

§ 12-9 (3) Bad og toalett

Framlegget går ut på å bytta ut "*minst ett bad og toalett*" med "*minst ett toalett*". Det blir i høyringsbrevet sagt at det ikkje var tilsikta at det stod noko om bad her i den gjeldande forskrifta. Unge funksjonshemmede er samd i at noverande setning kan tolkast feil, som om at alle arbeidsbygningar må ha universelt utforma bad i kvar etasje. Når slett ikkje alle arbeidsbygningar har bad, blir dette uheldig. Samstundes meiner me at framlegget, som heilt utelukkar bad, svekkar krava til tilgjengelegheit. Me tykkjer i staden det kunne stå ei setning i tillegg om at "*Dersom det er bad i vedkommende etasje skal minst ett av disse oppfylle nevnte krav*". Ein del arbeidsbygningar har bad, anten til bruk for skifte av klede til arbeidsuniform eller dusjing. For å sikra likeverdig tilgjengelegheit for alle arbeidstakarar i desse tilfella trengst det universelt utforma bad.

§ 12-16 (3) b) Handlist

Departementet gjer framlegg om å fjerna presiseringa i gjeldande forskrift om at markeringa skal vera taktil, og på undersida av handløparen. Unge funksjonshemmede går mot dette. Intensjonen med regelen er å sikra at òg synshemma får informasjon om kva etasje dei er i.

Dette kan fyrst og fremst skje taktilt. Ordinær, visuell etasjeinformasjon er òg viktig, men høyrer ikkje til i punktet om handlista.

§ 12-17 (5) Rekkverk

Departementet gjer framlegg om å ta vekk kravet om at handlista skal ha tilnærma rundt tverrsnitt, samt at ho skal ha luminianskontrast til bakgrunnen. I staden skal det stå "Være utformet slik at den gir et godt grep". Unge funksjonshemmede føresett at "tilnærma rundt tverrsnitt" er ein sentral del av å vera utforma sånn at han gjev eit godt grep. Gjennomgåande stiller TEK10 konkrete krav til form og eigenskapar ved byggverk og deler av dei. På dette punktet føreslår departementet å gjera regelverket mindre konkret, og med det vanskelegare å sikra at det blir fulgt opp. Punktet om rekkverket sin kontrast til bakgrunnsfargen forsvinn heilt, dette går Unge funksjonshemmede òg mot. Det er viktig for svaksynte at rekkverk er tydeleg.

Ta gjerne kontakt for utdjupande kommentarar.

Helsing frå

Adrian Tollefsen

adrian@ungefunksjonshemmede.no / tlf 90 27 56 95.

Unge funksjonshemmede

